



Trond Andre Viken
Mykingvegen 820
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10065 - 20/33403

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
05.06.2020

Registrert avvik, open septiktank - gbnr 31/4 Li (Dalsgrend)

Tiltak: Avvik på lokk
Byggjestad: Gbnr: 31/4
Tiltakshavar: Trond Andre Viken

Alver kommune har 20.05.2020 mottatte melding frå Norva24 AS om at det ved tømning same dagen vart registrert at det ligg mykje boss i septiktanken på eigedommen din, med adresse Mykingvegen 820, 5913 Eikangervåg. Boss i septiktanken fører til at Norva24 AS ikkje kan tømme tanken. Eigar må derfor bestille ekstra tømning med spesialbil, noko som vil medføre ekstrakostnader for grunneigar. Tanken din manglar i tillegg sikring, som gjer at den no står heilt open med fare for at menneske eller dyr kan falle ned i den. Same mangelen har vore rapportert frå tømmemannskap ved tømning kvart anna år heilt tilbake til 2010, utan at merknadane har vore følgt opp. Viser og til sak nr 16/1475 av 24.05.2016 i tidlegare Lindås kommune, som gjaldt varsel om vedtak om pålegg og tvangsmulkt for same tilhøvet. Kommunen vil derfor presisere at avviket må rettast opp umiddelbart.

I følgje plan- og bygningslova § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 20.06.2020.

Retting må skje ved at septiktanken vert sikra og at ei forsvarleg luke /dør vert montert på den. Luka/døra må vere tett og utført i solide materiale, samt vere utstyrt med forsvarleg lås.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra arbeidet.

Når luka er montert på septiktanken, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan – og bygningslova § 32-5.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøva, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å sikre basseng og brønn følgjer av plan- og bygningslova § 28-6.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Trond Andre Viken

Mykingvegen 820

5913

EIKANGERVÅG